
Fra: puben@puben.pub
Sendt: fredag 26. oktober 2018 08.54
Til: Anne Dahle Austrheim
Emne: Re: Nokre spm til søknaden

Hei igjen!

Når det gjeld opningstider/skjenketider har eg sett opp desse klokkesletta fordi me faktisk ikkje veit korleis det blir framover. For å ikkje begrensa mulighetane har me difor sett same opningstid som skjenketid. No har me ope frå 12-02 fredag, 13-02 laurdag og frå 13-1630 sundag (med unntak dersom det skjer noko spesielt, då har me ope inntil kl. 01).

Dersom me serverer alkohol i gruppe 3, må dei som er på jobb ha oversikt over kven som ikkje er 20 år og passe på at dei ikkje konsumerer alkohol i gruppe 3. I realiteten er det slik at dersom det er lite folk i lokalet kan me skjenke gruppe 3 sjølv om det er 18-års grense for å koma inn. Dette er ei vurdering som blir tatt av dei som har ansvaret for skjenking der og då.

Me har enno ikkje prøvd å dekkja maks, men me har bord og stolar til 120 personar.

Vonar desse svara er utfyllande nok.

Med venleg helsing
Arve M. Haugland
dagleg leiar

PUB-SELSKAPSLOKALE
PUB'N
MATSERVERING-CATERING

Den 2018-10-25 14:47, skrev Anne Dahle Austrheim:

Hei!

Eg held på med saksbehandling av søknaden dykkar og har nokre spørsmål:

Klokkeslett for servering – tenkjer de same klokkeslett for servering som skjenking? At de skal ha matservering måndag til torsdag og søndag frå kl. 12.00 til kl. 01.00 og fredag og laurdag frå kl. 12.00 til kl 02.00?

De skriv i søknaden at aldersgrensa vil variere mellom 18 og 20 år. Korleis vil de løyse dette når det gjeld skjenking av alkohol gruppe 3 (over 22%)?

De skriv at det er fast 40 faste sitjeplassar, men dette blir utvida ved behov. Kva maks antal har de?

Eg ventar på tilbakemelding frå kemnar, politi og nav, og håpar det kjem raskt. Håpar at me skal få saka opp i formannskap 22. november.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim

Leiar kultur- og sørvistorget, Radøy kommune

Tlf 56 34 90 11/ 97 77 46 30



Kultur- og sørvistorget: Opningstider man-fre mellom kl 8.30- 15.00.

Informasjon, dagleg drift av arkivet for rådhuset, skular og barnehagar, postføring, kultur, heimesider, turistkontor, tenester for innbyggjarar og besøkande.